



INN: Sondre Skrede skal styre Fjøre mot Førde.

Utan trenar før kampen mot Førde

FOTBALL: Søndag reiser Førde til Sogndal for å spele lokaloppgjer mot Fjøre. Berre ei veke tidlegare skilde klubben og trenar Håvard Hatle lag.

OLE KRISTIAN SVALHEIM
ole.kristian.svalheim@firda.no

- Det er kjedeleg når sånt skjer og vi vart samde om at dette var

det riktige no. Vi må takke Håvard Hatle for ei godt gjennomført tid i klubben og ein kjempejobb, men no var det kanskje på tide med noko nytt, fortel styreleiar i Fjøre fotball, Tom Wolff Navarsete, til Firda.

Håvard Hatle har vore trenar i Fjøre i to år og fekk Fjøre frå 4. divisjon til den «nye» 3. divisjon. Denne sesongen har ikkje Fjøre vunne ein kamp sidan se-

rieopninga og ligg sist på tabellen med 5 poeng på 11 kampar.

- Vi håpar at dette gjev eit nytt giv til laget og at vi klarer å snu det. Nokre gonger må ein ta eit val og vi håpar at vi kanskje kan klare å halde oss i 3. divisjon, seier Navarsete.

Mellombels trenar

Assisterande trenar Sondre Skrede går no inn som mellom-

bels trenar for Fjøre og skal leie klubben i kampen mot Førde.

- Det er ein kamp som er viktig for begge lag. Vi håpar at poenga blir igjen i Sogndal. Vi har ein del skadar, men dei som er klare er tente før kampen mot Førde, seier den mellombelse Fjøre-trenaren.

Kampen mellom Fjøre og Førde vert spelt på Fosshaugane Campus kl. 18.00 søndag.

To sunnfjordingar blant dei tre på landslaget

Skal til EM i Slovenia

MOTBAKKELØP: Karoline Holsen Kyte og Eli Anne Dvergsdal er begge klare for EM i motbakkeløp i Slovenia 8. juli.

OLE KRISTIAN SVALHEIM
ole.kristian.svalheim@firda.no
992 45 275

- Eg vart veldig glad då eg fekk beskjeden. Å bli tatt ut til EM har gjort all treninga eg har lagt ned verdt det, fortel Holsen Kyte til Firda.

Dette er første gong Karoline Holsen Kyte er teken ut til eit EM og eit løp i utlandet.

- Eg er skikkeleg spent og eg sjekka nettopp værmeldinga der nede. Då var det rundt 30 grader og sol, så varmen og eit nytt klima kan bli ei utfordring, seier Karoline Holsen Kyte.

Strålende sesong

Førde-løparen har hatt ein strålende sesong i år og har i det siste vunne alle fire motbakkeløpa i norgescupen (Grefsenkollen Opp, Hovlandsnuten Opp, Gullfjellet Opp og Svinestranda Opp).

- Eg har aldri vore med på eit meisterskap tidlegare og eg har ikkje så mykje erfaring med å toppe forma mot eit løp. Fram til EM kjem eg til å halde fram med det same opplegget eg har køyrt så langt. Eg torer ikkje å ha forventningar eller eit mål om eit resultat eg skal oppnå. Eg stiller til start, så ser vi korleis det går.

- Ubeskriveleg glad

Eli Anne Dvergsdal frå Jølster, som spring for Bergensklubben Gular IL, skal nok ein gong delta på EM i motbakkeløp. I fjor sommar skulle ho delta i VM, men eit brot i ankelen hindra ho. No er ho glad for at forma er tilbake og at ho får ein ny sjanse til å springe mot eliten i Europa.

- Eg er så glad, det er heilt ubeskriveleg. Det var ikkje noko sjølvsaugt å bli tatt ut og eg er verkeleg glad for å få ein ny sjanse, det er dette eg har jobba for i heile år, seier Eli Anne Dvergsdal til Firda.

Dvergsdal har slite mykje



SPENT: Karoline Holsen Kyte skal for første gong delta i eit europeisk meisterskap i motbakkeløp. **ARKIVFOTO:** OLE KRISTIAN SVALHEIM

med skadar det siste året og byrja å springe i motbakkar igjen i april.

Saman på startstreken

- Det har vore fleire dagar i basenget der ein spring fram og tilbake nesten utan å komme framover. Det har vore litt kjedeleg, men no er alle dei timane verdt det. Eg føler eg har hatt god framgang i det siste, og

når eg står på startstreken, skal eg gjere mitt beste, fortel ho.

To av dei tre kvinnene som er tekne ut til EM i motbakkeløp, kjem frå Sunnfjord. No er det første gongen dei står saman på startstreken i eit løp i utlandet.

- Det er veldig kjekt at vi er to frå Sunnfjord, det er jo ikkje verdas største stad. Eg har ikkje prata så mykje med Eli Anne bortsett frå under løp vi har del-



EM-KLAR: Eli Anne Dvergsdal er igjen utteken til EM i motbakkeløp - denne gongen i Slovenia. **ARKIVFOTO:** STIG ROGER EIDE

tatt i. Ho har sikkert mykje gode råd og tips ho kan gje meg før avreise, seier Holsen Kyte.

Eli Anne Dvergsdal synest det var like kjekt at dei to skal konkurrere i lag under EM.

- Ekstra kjekt

- Det er ekstra kjekt. Viss alle vi tre jentene gjer det bra også, så kan vi ta medalje i lagkonkurransen. Vi må berre prøve å få

det beste ut av kvarandre og bygge kvarandre opp, meiner Dvergsdal.

EM i motbakkeløp går for seg i byen Kamnik i Slovenia neste laurdag 8. juli. Den siste kvinna frå Norge som reiser til Slovenia saman med Karoline Holsen Kyte og Eli Anne Dvergsdal er Anita Iversen Lilleskare, som spring for klubben BFG Bergen Løpeklubb.